

Til Alver kommune

Eknes

SØKNAD OM FRÅDELING

Det blir søkt om frå deling av areal - 120 m² - for bygging av naust. Det aktuelle arealet ligg i område som er sett av til spreidd naustbygging (merka #13). Føresegner knytt til dette området er i punkt 3.4.5 i kommunedelplanen for Lindås ([kpa føresegner-og-retningsliner vedtatt-15102019.pdf](#) ([alver.kommune.no](#))). Frådeling av nausttomt og oppføring av naust er i samsvar med arealføremålet, men krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, som er det generelle byggjeforbodet i strandsona, og LNF-planformålet.

Då dette arealet ligg i 100 meters beltet langs sjø blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og LNF-planformålet. Området blir søkt frådelt frå gardsnummer 238, bruksnummer 3 (eigar Jorunn Borge) og ligg på Indre Eknes, i Naustvika i Alver kommune. I dag ligg det i området, Naustvika, det blir søkt utskilt tomt, ei klynge/rekkje («naustområde») av fem naust. Arealet det er ønske om å skilje ut ligg i klynga, det vil seie tomta har naust på kvar side; på den eine sida naust 238/39 eigd av underteknar Jorunn Borge og på andre sida naust 238/63 eigd av Samuel Alsaker. Det er sjø mot sørvest og myrlende mot nordvest. Området har ikkje vore brukt til landbruk. Tilkomst er utfordrande; både frå sjø- og landsida. Sjøsida er steinete og langgrunt og frå landsida må ein passere ein «mur» av vrakgods mm, og området blir ikkje brukt av ålmenta.

I dei siste åra er det sett opp to nye naust der det tidlegare var to gamle lafta naust. Desse var ikkje lenger i bruk og prega av manglande vedlikehald. Begge nausta høyrde til gardsbruk på indre Eknes. Det eine har fått eige gards- og bruksnummer. I samband med eit av desse bygga var det ikkje naudsynt med dispensasjon.

På arealet som søkjast utskilt er det ønske om å bygge naust. Båtopptrekk vil bli plassert på naustområdet og utforma ved bruk av sviller eller liknande.

Det blir gitt oppstillingsplass for bil ved oppretting av nausttomt/oppføring av naust på gardsnummer 238, bruksnummer 3 i gangavstand til naust. Løyve til utvida bruk av avkjørsel er gitt av Vestland fylkeskommune 13.04.23.

Salssum vil gå inn i vedlikehald av bygningsmassen mm. på gardsbruket.

Ved løyve til fråskiljing av areal til naust vil det bli sytt for at ålmenta lett kan ferdast framfor naustet. I sjøkanten av området er det i dag mykje vrakgods og anna avfall. I samband med utskiljing vil dette bli fjerna og området vil i framtida bli heldt fri for søppel mm som blir skylt inn i fjæra.

Kari Guldbrandsøy, som ønsker å byggje naust i Naustvika, har sterk familietilknytning til staden, sjøen og har brukt og brukar Osterfjorden til fiske/matauk, båtliv mm.

Eknes

18.05.2023



Jorunn Borge



Kari Guldbrandsøy

Alver kommune

Eknes 18.05.2023

SØKNAD OM FRÅDELING OG I SAMBAND MED DET PARKERINGSPLASS FOR BIL

I samband med at det blir søkt om frådeling av areal - 120 m² - for bygging av naust frå gardsnummer 238, bruksnummer 3 på Indre Eknes, i Naustvika i Alver kommune blir gitt bruksrett til eksisterande- gardsveg og gitt løyve til tilvist parkeringsplass for bil av eigar av Gnr. 238, Bnr. 3.

Jorunn Borge



Eigar av Gnr. 238, Bnr. 3

Eidavegen 207, 5993 Ostereidet